

ÅRSMELDING FOR EIDFJORD FJELLSTYRE 2009

Årsmeldinga omfattar fylgjande hovudpunkt:

1.Økonomisk del

2.Generell del

3.Viltforvaltning

2.1 Villreinformvaltning

2.2 Småviltforvaltning

4.Fiskeforvaltning

3.1 Fiskeutsetting

3.2 Prøvefiskeresultat

3.3 Garnfiskestatistikk

3.4 Kalking

3.5 Anna fiskekultivering

5.Fjellstyrehyttene

4.1 Hyttestyret

6.Beiteleiga

7. Anna

1. Økonomisk del

Eit utdrag av rekneskapsresultatet for 2009 og 2008 viser fylgjande hovudpostar for inntekter og utgifter:

INNTEKTER	2009	2008	UTGIFTER, DRIFT	2009	2008
Salsinntekt	591 518	668 613	Lønskostnader	36 230	47 300
Anna driftsinntekt	28 160	26 958	Avskrivningar	70 741	70 741
Renteinntekt	70 256	120 826	Anna driftskostnad	430 572	790 423
Driftsresultat	62 039	-231 514			
Bankinnskot	2 229 615	2 189 754			

Inntektene:

- Største inntektspostane er sal av villreinjakt, fiske, reguleringserstatningar, turkart og festeinntekter.
- Inntektsnivået er redusert som følge av reduksjon i småviltkortsalet.
- Anna driftsinntekt omfattar leigeinntekter frå fjellstyrehyttene.
- Rentenivået er gått ned slik at avkasting av inneståande midlar i bank er redusert.

Utgiftene:

- Største utgiftspostane er kjøp av tenester frå Hardangervidda fjelloppsyn, tilskot til samarbeidsorganet for fjellstyra på Hardangervidda og fellingsavgift.
- Fjellstyret overtok ansvaret for gjennomføring av Villmarkshelg for ungdom i Isdalen, kostnad er utgiftsført, samstundes er det motteke tilskot som langt på veg dekkjer kostnadene.

Årsresultat:

- Førebels årsresultat viser ei auke med kr 293 553 frå i 2008. Dette skuldast vesentleg reduserte utgifter.

Investeringar:

- Det er ikkje gjort større investeringar i 2009.

2. Generelt

Fjellstyret hadde 4 styremøte og handsama 19 saker. Det viktigaste av aktiviteten kjem fram i årsmeldinga, elles vert møteprotokollane lagt ut på heimesida til fjellstyret, www.eidfjord-fjellstyre.no

3. Viltforvaltning

3.1 Villreinformvaltning

Bestandsmålet for villreinstamma på Hardangervidda er ein vinterstamme på 11 000 dyr etter jakt i 2009. Dette målet er ikkje nådd.

Samla kvote vart sett til 1 500 fellingsløyve, fjellstyret var tildelt 103 fellingsløyve.

Samjaktordningar med private vald i Eidfjord gav ei ordning med gjensidig samjakt nord for Nordmannslågenvassdraget. Fjellstyret disponerte 25 % av kvota til dei private valda som kompensasjon for denne ordninga. I tillegg var det samjaktordning med Ullensvang fjellstyre der 10 jegerar hadde høve til å bruka Eidfjord statsallmenning sør for

Nordmannslågenvassdraget, som motyting kan 10 jegerar frå Eidfjord bruka Ullensvang statsallmenning. Det vart felt 43 dyr på kvota til fjellstyret. Totalt for kommunen vart det felt 89 dyr, truleg vart det meste felt på statsallmenningen.

Jakttida var satt til 22.08 til og med 27.09, samordna med andre område i Eidfjord.

3.2 Småviltforvaltning

Statistikken for småviltjakta viser felte ryper pr jeger på grunnlag av innkomne rapportar. Jegerdøgn/km² er eit mål for kor hardt jakttrykk det er på rypestamma. Generelt er jegertrykket på område nær veg hardast.

Småviltområde	1996	1997	1998	1999	2000	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009
Område 1 rype/jeger jegerdøgn/km ²	9,5 1,2	7,0 0,7	9,2 0,2	6,0 0,4	3,3 0,7	6,7 0,5	3,3 0,6	3,3 0,8	7,5 0,9	7,0 0,7	4,2 1,1	4,9 1,5	3,8 1,4	2,5 0,3
Område 2 rype/jeger jegerdøgn/km ²	5,6 1,3	5,2 0,9	10,3 0,3	6,2 1,7	3,3 0,9	8,5 0,9	7,8 0,4	2,0 1,1	3,5 1,6	3,8 1,1	4,0 1,1	5,7 1,5	1,7 1,2	1,7 0,4
Område 3 rype/jeger jegerdøgn/km ²	4,1 1,9	3,9 1,5	5,8 0,5	3,7 1,3	4,1 0,6	4,4 1,5	5,5 1,5	2,0 1,4	3,3 1,7	2,7 0,8	2,4 1,2	3,5 2,0	1,8 1,0	0,7 0,4


Fjellstyret har samarbeida med Norsk Breton klubb avd. Hordaland om taksering av rypestamma i forkant av jakta. Resultatet visast i tabellen under, og med låg rypeettleik og låg kyllingproduksjon siste år.

År	Område	Tal linjer	Tal meter	Ant. obs.	Tal ryper	Ryper/ obs	Ryper/km ² (med 90% sikkerheit)	Ant kyllingar/høne
2006	Eidfjord Statsalm	44	229250	84	327	3,9	7 (5-10)	3,8
2007	Eidfjord Statsalm	24	129342	33	129	3,9	8 (6-12)	2,6
2008	Eidfjord Statsalm	23	125361	31	115	3,7	4 (2-6)	2,9
2009	Eidfjord Statsalm	22	113675	21	97	4,6	3 (2-5)	2,6

Fjellstyret konkluderte med grunnlag i takseringen, at det ikkje var tilrådeleg å selja kort vidare, i tillegg vart jegerar som hadde kjøpt kort gjeve høve til å heva kjøpet. Eit mindre tal jegerar nytta seg av tilbodet.

3. Fiskeforvaltning

Garnfiskestatistikken viser god avkasting, sjølv om fangstinnsatsen er gått noko ned ligg fangstane stabilt og på nivået frå før 2003.



Til saman var det 106 som hadde løyst garnfiskekort, 24 har rapportert at dei ikkje har fiska. Fjellstyret ser på statistikken her som viktig dokumentasjon på bruk av fiskerettane og grunnlaget for næringsutnytting.

3.1 Fiskeutsetting

Det vart sett ut 342 villfisk i Tinnhølen fanga i Svinto og Bjoreio. All fisk som er satt ut er feitfinneklippa. Resultat av merka fisk i Tinnhølen viser god vekst.


3.2 Prøvefiskeresultat

Fylgjande vatn og tjørn vart prøvefiska i 2009;
Nordvatnet

Tiltak og konklusjonar frå dei enkelte prøvefiske:

Nordvatnet

Prøvefisket var utført av oppsynet 5. august med 2 W. Jensen prøvegarnserier.




Konklusjonar/tiltak:

- Det meste av den store fiske var raud i kjøtet.
- Minste ho gytefisk var 22 cm.
- All fisk over 30 cm var gyter.
- Gjennomsnittleg K-faktor var 0,90 noko som tyder på mager fisk.
- Samla inntrykk er at det er for mykje fisk i vatnet og at det trengst tynningsfiske med hovudinnsatsen på lengdegruppa mellom 20 og 25cm.

3.4 Kalking

Kalkinga av Svartavatnvassdraget fortsette i redusert form i 2009. Det vart ikkje kalka med kalkgrus. Overvaking av vasskvaliteten er vidareført og viser stabil situasjon. I samband med overvakinga er det lagt ut temperaturlogggarar ulike stader i vassdraget. Dette er små instrument som registrerer temperaturen dagleg gjennom eit heilt år. Det er samstundes gjort yngelundersøkingar til same tid over fleire år. Samanfating av døgnggradene og målt yngellengde viser godt samsvar. Altså yngel vert lenger i dei sumrane med høg vass temperatur, dette er vist i figuren under.



Yngel frå innløpet av det kalka Svartavasstjørnet

3.5 Anna fiskekultivering

Det var registrert 3 ørekyte i kontrollruse ovanfor oppgangssperre ved Stigstu. Dette er rapportert til Fylkesmannen og Direktoratet for Naturforvaltning. Dette var ein enkeltepisode og det vart ikkje registrert fleir ørekyte gjennom sesongen. Konklusjon på tiltak vert gjort i sesongen 2010.

4. Fjellstyrehyttene

Fjellstyrehyttene vert leigd ut etter avtale/søknad for påsken og sumarferien. I reinsjakta kan hyttene ikkje reserverast. Bruken kan dokumenterast gjennom hyttedoka, men er i ulik grad med i statistikken under. Grunnlaget for statistikken er innbetalingar for bruk av hyttene. Det er ikkje teke omsyn til om det er born eller vaksne i omgrepet "persondøgn".

Hytte	Persondøgn					
	2004	2005	2006	2007	2008	2009
Gamla Sandhaug	3	18	Ikkje utleigd	15	52	92
Tinnhølen	56	34	47	36	154	1762
Krobu	29	17	18	47	73	39
Stigstuv	4	10	0	0	0	34
Viersla	0	2	16		181	172
Langavasshadle	16	1	20		72	28

Persondøgn for 2008 og 2009 er utrekna ved å dela overnattingsinntekta for den enkelte hytte med døgnsetsen kr 50,-. For Gamla Sandhaug, Viersla og Tinnhølen inngår eit fast beløp oppsynet betalar for overnatting sidan dei leiger eit eige oppsynsrom i hyttene.

4.1 Hyttestyret

Legg inn litt frå aktiviteten til hyttestyret.

Krobu :

Transport av 5 sekk ved, propan og båt som vart øydelagt pga at den ikkje vart trekt skikkeleg opp etter bruk.

Gamla Sandhaug:

Transport av ved og gass, i tillegg er det sett på og planlagt utbetring av steinbua ma med at det er teke inn 20 sekkar tørrmørtel. Overskotsmaterial er transportert ut til Tinnhølen.

Viersla:

Transport av ved og gass. Planlegging av arbeid i uthuset med paneling, lufting og avtrekk frå toalett. Kjøpt nytt spisebord + 5 stoler, montert ny gassovn m/steikeovn, benkeplate div kroker mv.

Stigstuv:

Ombygging er på det næraste ferdigstilt og det er kjøpt inn nye møblar. Det er kjøpt toalett som skal vera i uthuset.

Skulevika:

Hyttestyret har vurdert tilstanden til hytta og tilrår den reve for å byggja ny.

Langavasshadle:

Transport av ved og gass, kjøpt brukt sofa/stol.

5. Beiteleiga

Halne beitelag er på nytt gjeve høve til ny kontrakt om beiteleige med fjellstyret. Det er Statens Landbruksforvaltning som har fatta vedtaket.

6. Anna

- Hardangervidda Fjelloppsyn A/S (HF as) har utført oppgåver noko mindre enn vedteke i budsjettet.
- Liv Myklatun er styremedlem til styret for Hardangervidda fjelloppsyn AS.
- Aslak Myrvang har vore styremedlem til Noregs Fjellstyresamband og representert regionen; Sogn og Fjordane, Hordaland, Rogaland og Aust-Agder.
- Fjellstyret sto som arrangør av fjellhelgen for ungdom frå Ullensvang, Ulvik og Eidfjord. Arrangementet vart gjennomført i Isdalen 13.-14. juni. Det var 69 påmeldte ungdomar. Tilbakemeldingane til arrangementet var gode. Arne Bu var leiar for arrangementet frå Eidfjord.
- Fjellstyret støtta jegerprøvekandidatar med kr 1000 for dekking av kurskostnader. Fjellstyret ser på dette arbeidet som viktig grunnlag for rekruttering til jegerstanden i bygda.
- Småvilttur for ungdom. For å gje tilbod til ungdom og fyrstegangsjegerar arrangerte fjellstyre jakttur. Dessverre vart det dårleg ver så deltakartalet var lågt, men dei som var med fekk oppleve litt småviltjakt.

Eidfjord fjellstyre

Lars Kristian Eidnes

- s -

Liv Myklatun

- s -

Vidar Riber

- s -

Anne Myklatun

- s -

Anders Vaksdal

- s -

Samson Hamre

- s -

Hildegunn Espe

- s -